

Vinter / vår 2005

Arrangement:	Dato:	Mnd:	Ansv:
Øvingshelg med instruktør	9. 10. og 11.	sep.	Johan W
Basar med 85-års-feiring		6. nov.	Styret
Stormfestival 2006	8. 9. og 10.	sep	2006

“Heimdal” er seld

Eit kjent landemerke på sjøen i Torskangerpoll i mange tiår, “Heimdal” eller “Slingren” som har hatt base ved Vikabu, er seld. Sverre og Johannes Torskangerpoll har slutta på sjøen, og har seld den flotte stålsjarken.

Mandag 15. august overtok den nye eigaren båten, og forlot Torskangerpoll med kurs for sørlandet der den skal ha sin nye base. Dette er kanskje den mest fotograferte båten der den har lagt midt i det idylliske rorbumiljøet. Forøvrig takk til Sverre for at han slår graset ved Gravdal skule.



På kryss og tvers med VG

Prøv VG-kryss VANNRETT
 1 Åpenbaring
 5 Svart gull
 6 Er oppreist

LODDRETT
 1 Klem
 2 Det hele
 3 Slåredskap
 4 Flirer

	1	2	3	4
1				
5				
6				

Vredens Gnag



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Pr. 7

12. årgang

Laussal: Gratis

august 2005

Klart for oppstart



Torskangerpoll Musikklag starter opp øvingane etter ferien.

Tirsdag 23. august klokka 19.30 er første øving etter ein fuktig og lite solrik sommar. Så no skal det bli godt å komme i hus og få spelt i lag. Øvingsstad er som vanleg Frelsesarmeen i Måløy.

Nye medlemmer som vil være med er spesielt velkomne. Veit du nokon som vil vere med, eller er du ein av dei som har lyst til å spele. Møt opp, lytt og ta ein prat og få ein kaffikopp. Terje og John Inge (t.h.) lovar at det skal bli varmare på øving enn det var på dette bildet.



www.torskangerpoll.no



Sjølv om det vart litt duskregn, så spelte spreke musikantar ein uformell konsert siste øvinga før ferien. Det blei også god fyr i grillen, og eit godt måltid etterpå før alle kunne ynskje kvarandre god ferie.



Formann Johan Wåge hamna på sjukehus i Førde med magesmert-er fredag 12. august. Han er framleis på sjukehus, men er på betringens veg, og vil gjennom VG helse til alle.

Velkommen til haustsemester

No er det på tide å ta fram instrumentene igjen og blåse støvet av dei, for på tirsdag brakar det laust med første musikk-øving etter ein lang, og for mange, deilig sommarferie.

Eg håpar at alle musik-antar, både gamle og nye, har fått lada godt opp og er klare for å ta laust på ny sesong. Vi skal ha ein sesong som blir prega av stormfestivalen neste haust, og vi skal spele musikk som gjer oss glade, både noter vi har sett før og litt nytt. Eg ønsker ein sesong der vi kan jobbe mot mål som alle har glede av, og at vi kan ha det kjekt på kvar ei einaste øving utover hausten og vinteren. Vi veit kva slags faste arrangement vi har i vente og eg håper vi klarer å snekre i hop eit par kjekke konsertar ôg i løpet av vinteren.

Eg veit i alle fall at vi skal ha eit note-repertoar som alle kan vere fornøgde med og like å spele. Det blir det viktigaste prosjektet mitt dette året.

Vi starter opp igjen tirsdag 23. august kl. 19.30, og eg skal vere KLAR! Hilsen Lisbeth.



Erfaringer og gode råd fra barn

Ha på deg hatt når du mater måker. Sov i klærne, og du våkner ferdig påkledd om morgenen.

Ikke dra ned på do når din far dusjer.

Ikke spør om ting som koster mer enn 50 kroner.

Ikke bli så mett at du ikke orker desserten.

Når din far er sint og spør deg:

«Tror du jeg er dum??», så ikke svar ham.

Aldri fortell din mor at slankekuren ikke virker.

Ikke ert din søster når hun holder en hammer.

Når du har fått dårlige karakterer på skolen, vis dem til din mor når hun snakker i telefonen.

Prøv aldri å døpe en katt.

Spytt aldri når du kjører Berg-og-Dalbane.

Lytt din din hjerne. Den har en masse informasjon.

Når du vil ha noe dyrt, spør dine besteforeldre.

Hvis du skal tegne på veggen, gjør det bak sofaen.

Spør «hvorfor» helt til du forstår.

Hold av en plass i køen for dine venner.

Hvis du vil ha en katt, begynn med å spørre om å få en hest. (Ukjent)

Å re opp sengen er bortkastet tid.

Bare fortsett å banke på, helt til noen åpner døren.

Du bør ikke spørre om å starte på nytt bare fordi du taper spillet.

Å jage katten er mer gøy en å fange den.

Ikke smell andres tyggegummi-bobler.

Det er morsommere å fargelegge utenfor strekene.

Så er det sagt.

Tvilsame sponsorar:



stjel & røm



No deal